

Koversjøen

– eit interessant namn i Vingelen!

Koversjøen, (kåversjøen) Kovertjønna (kåvertjønna). Nord for Båvorda, med avløp til Gjera, ligg eit fint fiskevatn, Koversjøen. Vingelen utmarkslag har ei bu der som dei kallar Koversjøbua. Før var det fleire mindre tjønner her, Kovertjønna, Koietjønna og Esskrokettjønna, men no er dei demte opp og har flote saman til eit større vatn som blir kalla Koversjøen. Namn som Krokettjønna finst mange stader og tyder rett og slett ei krocket tjønn, og Esskrokettjønna er vel kanskje krocket som ein S. Ein kan spekulere på om tjønna først har heitt Krocket-tjønna og seinare har fått namnet Ess-krocket-tjønna etter at alfabet og skrivekunst vart allment kjende. Namnet Koietjønna kjem av at gammelfinnen, Jon Thomasen, hadde ei koie her i gamle dagar.

Det har vore spekulert på om Kover kan ha nokon samanheng med ordet kov som tyder (snø)drev eller issvull, men da skulle vi vente å få uttala kåvtjønna.

Har vi ei betre forklaring på namnet Kovertjønna? Vi har ikkje noko kjent ord i målføret heromkring no som kan gje oss noko forklaring, så vi får leite vidare. I "Talatrusten" 1997, eit hefte som blir gjeve ut av Målførearkivet, har Gudmund Harildstad ein

artikkel om ordet kovern. Han viser til eventyret om Buskebrura der det står om ein hund Lille Kaværn. Så har han undersøkt i fleire ordsamlingar og funne ordet kover med tydinga liten hund. Arkivet å Norsk Ordbok har koverhund frå Nord-Trøndelag og Nordland. I Gamalnorsk ordbok finst Ko-farn n med tydinga liten hund.

Når kofarn blir lydrett utvikla til koverhund i målføre i Trøndelag, kan det vel også utvikle seg slik i Vingelsmålet.

Etter dette kan vi vel tru at Kover-tjønna rett og slett tyder Hund-tjønna (Veslehund-tjønna), og Koversjøen tyder Hundsjøen (Veslehund-sjøen).

Trygve Nesset, 2500 Tynset

